

Årsmelding O-gruppa 2023

Oppsummering

Det har vore aktivitet på det jamne i 2023, med lokale løp, Hamla og Kompis og tur-orientering. Nytt i år var at me arrangerte Stolpejakt saman med Historielaget. Det var også svært bra at Martin reiste til Hovedløpet då det er 10 år sidan siste me hadde løparar der.

I mars fekk Arild tildelt Hordaland o-krets sitt Hederstegn, ei utmerking som heng svært høgt og ikkje vert delt ut utan at det er verdige kandidatar.



Bilete 1 Arild fekk kretsen sitt Hederstegn frå kretsleiar Elin Sjødin Drange. (Foto: HOK)

Styret

Leiar: Per Arne Aadland

Kasserar: Erik Høysæter

Tur-o: Arild Røen

Kartansvarleg: Bjarne Hauge

Det har ikkje vore formelle styremøter i 2023. Saker er løyst på e-post, telefon og uformelle møter


Verv

Det er ingen frå SIL som hadde verv i krets eller forbund i 2023.

Lokale arrangement

Dato	Løp	Deltakarar	Stad	Arrangør
03.05	O-løp 1	26	Myra	Rune
10.05	O-løp 2	18	Hagabotnane	Helge
24.05	O-løp 3	18	Kvernesåsen	Eivind
07.06	O-løp 4	11	Storkleiva	Per Arne
17.06	Hamla Grand Prix	78	Skytebana	Arild/Oskar
18.06	Kompisstafetten	19 lag	Skytebana	Arild/Per Arne
16.08	O-løp 5	12	Gullbotn	Dag Terje
23.08	O-løp 6	11	Rødne	Arild
30.08	O-løp 7	14	Totræna	Erik
06.09	O-løp 8	14	Tohaugen	Rune
17.09	SM orientering	14*	Kvamskogen	Bjarne

*SM orientering var også ope for andre løparar, 28 utanbygds løparar deltok. Ida Johanne arrangert også spontant eit treningsløp frå Ådlandssetret 1. oktober der 9 løparar deltok.



Figur 1: Utvikling lokale løp

Kretsløp



Bilete 2: Samnanger 1 i Kompisstafetten

17.-18. juni arrangerte me Hamla Grand Prix og Kompisstafetten frå skytebana i Gaupholmsmarka. I år vart det berre 78 startande (2022: 91) på Hamla og 19 lag (18) i Kompis, og dette er dessverre tendensen også på andre kretsløp. Arrangementa vart trygt gjennomført med Arild som løpsleiar og Oskar og Per Arne som løypeleggjarar.

Åtte løparar stilte til start, og Ida Johanne vann i D19-, Eivind i H70- og Martin vart nr. 2 i H13-14. I Kompisstafetten yppa Samnanger seg Inger Gro og Martin begge veksle i tet, og til slutt vart det ein flott 4. plass til 1. laget med Torvald, Inger Gro, Martin, Erik, og Dag Terje. 2. laget med Trygve, Ida Johanne, Magnus, Eivind og Rune kom på 15. plass.

Me skal arrangere Fjord-O 3.-7. juli 2024 saman med Varegg Fleridrett og Fana IL og mykje planlegging

rundt dette arrangementet har vore gjort i 2023. Løpa Samnanger er involvert i skal arrangerast i Furedalen.

Resultat

For første gong på mange år hadde Samnanger deltakar på Hovedløpet for 14-16 åringar. Martin som knapt nok har sprunge o-løp utanfor bygda før, imponerte i Trondheim og kom att 19. plass og premie frå langdistansen og 26. plass på sprinten.

Det vart fleire pallplassar i KM denne sesongen.

- Mellom
 - Ida Johanne 3. plass
 - Per Arne 2. plass (H50)
- Sprint
 - Ida Johanne - Gull
 - Per Arne – Bronse (H19)

I Vestlandsmeisterskapen tok Per Arne gull i H50 både på langdistanse og mellomdistanse.

I kretsrankinga vart desse samningane plassert på øvre halvdel: Ida Johanne nr. 3 i D19-, Martin nr. 5 i H13-14, Per Arne nr. 5 i H50 og Eivind nr. 4 i H70.



Bilete 3: Medaljevinnarar i KM-sprint

Samnangermeistrar

Damer (mellom)	Lisbeth Aadland
Damer (lang)	Ida Johanne Aadland
Herrar (lang)	Martin Holdhus

I SM opnar me også opp for løparar frå andre klubbar, og det var heile 42 startande. Det er om lag halvparten av det som var Hamla Grand Prix som er terminfesta kretsløp.

Turar

Me har ein liten, men ivrig gjeng som reiser rundt i Europa og representerer SIL på større og mindre løp. Med Rune som koordinator og frilans reporter har me fått mange artige historier og mange spanande kart og løpsanalyser på Facebook sida vår. I tillegg til Rune er det Dag Terje og Helge som har vore ivrigast på desse turane, og i år har me hatt løparar i Polen, Bulgaria, Tsjekkia og Tyrkia.

Tur-orientering

I samarbeid med Varegg har me hatt ute turorientering på Kvamskogen frå 10. juni til ca. 10. oktober. Det var lagt opp til to «grønne turar» der løypa stort sett følgjer veg og er tilgjengeleg for barnevogn/rullestol. Som vanleg var det også fire skogsturar. Det vart seld 33 konvoluttar, ein nedgong frå 2022 (40). I tillegg vart det seld ca 15 «konvoluttar» på nett, og 30 enkeltturar – dei fleste «Grønne turar», som er gratis. Arild har også i år hatt ansvar for tur-orienteringa.

Stolpejakt

I samarbeid med Historielaget, la me ut 16 stolpar i området barneskulen, Fitjavatnet, Åsen som ein test. Stolpane stod ute frå ca. 20. august til 20. oktober. Totalt lasta 160 personar ned Stolpejaktappen og tok 1 eller fleire stolpar. Heile 80 personar tok alle 16 stolpane. Dette må kallas ein aldri så liten suksess!? Her søkte me om støtte frå Annekset Bruktbutikk, og fekk tildelt kr 10.000.-

Kart

I samband med Hamla og Kompis vart kartet rundt skytebana revidert, og det gamle Smådalen kartet (1979) vart revidert vestover mot Øpstebo. Arbeidet med å ajourføre kartet på Kvamskogen til Fjord-o 2024 har starta og området Jonshøgda – Furedalen vart oppdatert i år. Her ventar meir arbeid i 2024. Området mellom Totræna og Myra er også revidert med mellom anna det nye stinettet kring Tohaugen. I tillegg er mindre oppdatering gjort i samband med lokale løp.

Økonomi

Inntektene i o-gruppa har stort sett følgd budsjett, men me fekk eit kjærkome tilskot på 10 000 frå Annekset Bruktbutikk til Stolpejakta. Det har vore brukt vesentleg mindre til synfaring på Kvamskogen enn budsjettert, og ein del av desse utgiftene er venta å kome på 2024 sidan arbeidet vart utsett. Stolpejakta var ikkje med i budsjettet, og her kom det også ei større utgift til etablering av Stolpejakta. Det var også nokre fakturaer for 2022 som kom inn rett over nyåret 2023, slik at resultatet for 2023 enda med eit underskot på 24 094,- som er mindre underskot enn budsjettert.

*Takk for innsatsen til alle arrangørar, frivillige, tillitsvalde og
til alle løparane som stiller opp på våre arrangement.*

*Per Arne Aadland
Leiar 2023*